

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/7675-1

Val av medlem til brukarutval i Sogn og Fjordane for perioden 2015 - 2016

Sekretæren rår fylkesrådet for funksjonshemma til å gjere slikt vedtak:

Medlem:.....

Vedlegg:

1. Brev frå Helse Førde
2. Retningslinjer for felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Helse Vest sine retningslinjer for brukarutval

SAKSFRAMSTILLING

I brev av 16. september 2014 oppmodar Helse Førde om å velje medlem og varamedlem til brukarutvalet for Sogn og Fjordane for perioden 2015 – 2016.

I retningslinjene til brukarutvalet står det i pkt. 6 at: *KS skal syte for framlegg til ein representant som er brukarrepresentant i eit kommunalt råd for eldre/menneske med nedsett funksjonsevne. Tilsvarande råd på fylkeskommunalt nivå gjer framlegg om ein representant.*

Fylkesrådet for eldre har vore medlem (representert gjennom Eivind Skjerven) i brukarutvalet for Sogn og Fjordane i perioden 2013 – 2014, medan fylkesrådet for funksjonshemma har hatt varamedlem. For perioden 2015 – 2016 vil det vere fylkesrådet for funksjonshemma sin tur til å velje medlem til brukarutvalet, og fylkesrådet for eldre som vel varamedlem.